



lovavdelingen@jd.dep.no

Dykkar ref.

Vår ref.
GAHA

Dato
16.10.2017

Høyringsssvar om ny personopplysingslov frå Høgskulen i Volda.

Åndsverklova § 45c; mulig endring og/eller flytting.

Avdeling for Mediefag ved Høgskulen i Volda vil be om at ein i arbeidet med gjennomføring av personvernforordninga frå EU også vurderer innhald og plassering av særlovgjevinga rundt retten til eige bilde.

Formelt grunnlag for dette finn vi i at forordninga opnar for nasjonale reglar (høyringsutkastet side 14 første pkt.), og i Prop.104 L side 306-307. Kulturdepartementet viser her til EU si forordning om personopplysningar, at Justis- og beredskapsdepartementet vurderer endringar i personvernlovgjevinga som følgje av forordninga, og at åndsverklova sine bestemmelsar om rett til eige bilde og om bestilte portrett vil bli behandla i samband med det.

Plassering.

Spørsmålet om plassering er behandla i Prop. 104 L side 304-305, og det blir vist til at både grunnlaget for bestemmelsen og plasseringa har vore diskutert før. Mellom anna viser ein til Ot.prp. nr 28 (1959-60) på side 11:

«Departementet skal bemerke at man tviler på at straffelovens bestemmelser i § 390 om krenkelse av privatlivets fred vil gi en avbildet person en tilfredsstillende beskyttelse og mener derfor at bestemmelsen i gjeldende lov (...) bør opprettholdes.»

og at plasseringa har vore diskutert fleire gongar, mellom anna i NU 1987: 16 Fotografiretten på side 46:

«Det kan imidlertid være et spørsmål om de bør tas ut av fotografiloven og plasseres sammen med bestemmelsene om personvern, der de systematisk hører hjemme. Et alternativ kunne være (å) plassere dem i sammenheng med straffelovens §390 a om krenkelse av privatlivets fred og erstatningslovens §3-6»

For Høgskulen i Volda sin del kan det nemnast at sanksjonar etter ulovleg publisering av personbilder gjerne skjer etter straffelova § 267 (etter 2015) og erstatningslova § 3-6, eller i form av direkte reaksjon frå Datatilsynet med grunnlag i personopplysingslova.

Kulturdepartementet gjer ikkje framlegg om flytting av bestemmelsen, og heller ikkje vi har klar meining om kvar den helst høyrer heime. Men vi ser fordelene av å samle bestemmelsen med unntak og reaksjonar under ei og same lov.

Samling.

Under høyringa som del av forarbeidet til Prop.104 L nemner Norsk Journalistlag at ein finn det upedagogisk at bestemmelsen om rett til eige bilde er plassert i åndsverklova, sidan den er ein personvernbestemmelse meir enn ein immaterialrettsleg bestemmelse.

Som utdanningsinstitusjon kan vi langt på veg støtte NJ i dette synet. Høgskulen i Volda utdannar til oppgåver innan media, skuleverk, barnehage, barnevern og sosialomsorg, og det ligg klart ein pedagogisk verdi i at regelverket rundt retten til eige bilde er samla *ein* stad.

Sjølv innan åndsverklova, der bestemmelsen er plassert no, synes bildet uklart for folk utan juridisk bakgrunn. § 45 med sine unntak dekker det meste, men i tillegg har vi §§ 23, 23a, 24 og 27 andre ledd, som ingen av dei nemner fotografiske bilder sjølv om dette gjerne er det det dreiar seg om (t.d. etterlysing og biografi), samt § 39j om bestilte portrett.

I tillegg har vi Datatilsynet sine reglar om bildebruk basert på personopplysningslova og tilsynet sine tolkingar av øvrig regelverk, eksempelvis personopplysningslova § 39.

Pedagogisk vil det etter vårt syn vere ein stor fordel om særlovgjevinga rundt personvern knytt til personbilder vart samla ein enkelt stad. Vi ser det også som ein fordel om unntaka vart noko tydelegare formulert enn dei er i dag.

Unntak frå regelen.

I høyringsrunden for Prop. 104 L kom det inn ei rekke merknader til § 45c. Mange handla om at unntaksregelen om «aktuell og allmenn interesse» bør endrast til «allmenn interesse».

Advokatforeningen, Mediebedriftenes Landsforening, Norsk Journalistlag, Universitetet i Bergen, NRK og TV2 viser til at praksis frå Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) tilseier at «allmenn interesse» må vere tilstrekkelig for unntak frå regelen.

Pressens Offentlighetsutvalg, NRK og Norsk Redaktørforening meiner det i lys av rettsutviklinga ikkje lenger er behov for bestemmelsen.

Norsk Journalistlag viser til at kravet om «aktuell og allmenn interesse» ikkje er i tråd med praksis frå Menneskerettsdomstolen. Sidan det stadig oppstår situasjonar som forlenger personbilder sin aktualitet bør det vere tilstrekkelig at ei avbilding har «allmenn interesse».

Advokatforeningen reiser spørsmål om behov for ei tydeliggjering av unntaka, i alle fall i forarbeida til lova, og ser det som hensiktsmessig å utsetje vurdering av § 45 c dersom dette uansett er planlagt i samband med innføring av nye personvernreglar.

Arkivverket påpeikar at endringar kan forenkle publisering av historiske fotografi og vil eventuelt kome tilbake til spørsmålet ved gjennomgang av personopplysningslovgjevinga.

Det kan her frå vår side nemnast at offentlege fotosamlingar i dag har titusenvis av bilder der namnlause personar mest effektivt kan identifiserast ved at samlingane blir tilgjengelege på nettet og publikum kan legge inn opplysningar. Dagens reglar er delvis til hinder for dette.

Vidare kan det frå vår side nemnast at unntaksreglane generelt i fleire høve kan synest uklare.

Sensitive eller ikkje sensitive personbilder.

Det er klart at personbilder utover det å kunne vere element i reportasje, illustrasjon og kunst også er personopplysningar. Dermed bør vi, slik lova skiller mellom sensitive og ikkje sensitive *personopplysningar* også skille mellom sensitive og ikkje sensitive *personbilder*.

I lys av dei aller seinaste års utvikling med kamera til stades rundt oss på alle kantar til alle tider og med internasjonal publisering berre eit par tastetrykk unna, er dette eit spørsmål som bør takast alvorleg.

Helsedepartementet sitt nyoppnemnde utval for utgreiing av forholdet mellom ytringsfridom, pressefridom og personvern i helse- og omsorgstenesta, barnevernet, barnehagar og skular viser at dette *blir* tatt alvorleg, på høgste nivå. Utvalet vil sjå spesielt på korleis fotografering, filming og publisering av foto og film kan og bør; eller *ikkje* bør skje slike stader, og sidan HVO utdannar folk til alle desse sektorane er tiltaket av stor interesse for oss.

I tillegg er vi kjende med at det også innan arkivverket er arbeid i gang med framlegg til etisk regelverk innan sin sektor. Det Norske Fotonettverket, med ca. 30 representantar frå ulike institusjonar innan fotobevaring har hatt ei gruppe i arbeid med dette sidan i vår.

For HVO har etisk forsvarlig bildebruk i mange år vore eit viktig forskingsområde. Professor Svein Brurås sine arbeid innan presseetikk og førsteamanuensis Ellen Lexerød Hovlid si doktorgradsavhandling om vern av privatlivets fred kan nemnast som del av dette.

Lover og reglar skal best mulig balansere omsynet til den enkelte og omsynet til fellesskapet. Kva angår normale, daglegdagse bilder av personar utan særskilt vernebehov ser det ut til at dagens delingspraksis i liten grad skaper vanskar for den enkelte, og at «allmenn interesse» dermed kan vere tilstrekkeleg for unntak. Bildebruk utan løyve skjer i dag stort sett digitalt, også innan media, undervisning, litteratur og kunst. Fotografar reklamerer på sine heimesider, bedrifter presenterer sine tilsette på tilsvarende vis, og konfliktnivået synes å vere lavt.

Publisering av sensitive personbilder, eller i sensitiv samanheng er ei anna sak, til dels utan enkle svar. Jamfør Facebook si sensurering av Nic Ut sitt bilde frå Vietnam, og siste tids reaksjonar på Human Rights Service sitt fotoprojekt om norsk kultur.

Vi ber no, som nemnt, om at desse spørsmåla blir vurdert i samband med endring av personopplysningslova, og vi deltar gjerne i ein debatt rundt dette.

Volda, 16.10.2017



Gaute Hareide,
fotografmester/høgskulelektor